



Arkivnr: 2015/3286-3

Saksbehandlar: Gudrun Mathisen

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 19.05.2015 |

Bergen hamn. Søknad om støtte til forlenging av miljøsam arbeidet

Samandrag

Bergen og Omland havnevesen har søkt om kr. 500.000 i støtte til forlenging av miljøsam arbeid Bergen hamn. Fylkesutvalet løyvde i 2014 kr. 350.000 frå klimabudsjettet til forlenging av EU-prosjektet Clean North Sea Shipping (CNSS), med føremål å kome fram til tiltak for å redusere luftutslepp frå skip. Fylkesutvalet løyvde også 1,5 mill. kroner frå disposisjonsfondet til medfinansiering av eit landstraumanlegg, som no er klar for opning.

Arbeidet med ein miljøplan for Bergen hamn er godt i gang, men det krevjast framleis ein innsats for å realisere måla. Fylkesrådmannen rår til at søknaden vert godkjent.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet løyver kr. 500 000 til forlenging av miljøsam arbeidet i Bergen hamn. Midlane vert tatt frå Klimabudsjettet for 2015.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Vedlagt oversendes søknad om støtte for forlengelse av miljøsam arbeidet i Bergen Havn

Fylkesrådmannen, 05.05.2015

Bergen og Omland havnevesen (BOH) søker i brev av 12.03.2015 om støtte til videreføring av samarbeidsprosjektet «Forlengelse av CNSS-prosjektet for Bergen havn med vekt på landstrøm, LNG, differensierte havneavgifter og miljøplan» mellom Bergen og Omland Havnevesen, Bergen kommune (BK), Hordaland fylkeskommune (HFK) og BKK.

Bakgrunn

BOH, BK, BKK, GASNOR og HFK samarbeidde 2010-2014 i EU-prosjektet Clean North Sea Shipping (CNSS) med føremål å komme fram til tiltak for å redusere luftutslepp frå skip. Samarbeidet vart vidareført frå juni 2014 og vert etter planen avslutta i april 2015 som eit prosjekt med fokus på landstrøm, differensierte hamneavgifter og miljøplan for Bergen hamn.

Ein viktig leveranse i prosjektet har vore ein plan for ein omfattande innføring av landstrøm i Bergen hamn. Prosjektet har gjort greie for mulegheiter, laga eit økonomisk studie og ein plan for vidare utbygging. Arbeidet vart lagt fram for prosjektets styringsgruppe i februar. BOH ønskjer å utvida samarbeidsprosjektet.

Fleire prosessar er starta for å realisere løysinga. Dette inkluderer m.a. samarbeid med Hurtigruta og Havforskningsinstituttets reiarlag med spesifikasjon av løysing for landstrøm for skip og kai, konsekvensvurdering og førebuing av tiltak, økonomisk planlegging og dialog med NOx-fondet og Enova om finansiering.

Fleire andre kaianlegg i hamna er aktuelle for tilkoplingspunkt for landstrøm (totalt 14 offshore og 1 cruise), med samarbeid med offshore reiarar, diskusjonar med potensielle cruisereiarar, oppfølging i høve til teknisk spesifikasjon for tilpassing av skipa og interne diskusjonar kring bruk av kaiområde for kabeltromlar, kraner og containrar.

Vidare arbeid omfattar m.a. presentasjon av prospektet, marknadsføring, dialogar med finansieringskjelder, praktisk planlegging og søknadsskriving.

Miljøsatsinga til BOH er i støypeskeia og krev innsats på fleire frontar. I tillegg til landstrømsatsinga trengst oppfølging om innføring av differensierte hamneavgifter, tilrettelegging for LNG bunkring samt oppfølging av andre tema innanfor miljøplanen.

Føremålet med førespurnaden er å søkje støtte til landstrømsatsinga, då det er eit prosjekt som kjem heile regionen til gode, både når det gjeld redusert luftforureining og klimautslepp.

BOH gjer framlegg om at Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og BKK blir med BOH i ei vidareføring av prosjektet med etablering av landstrøm. Det overordna målet er å få på plass finansiering for innføring av landstrøm i Bergen hamn i medhald av gjeldande prosjektforslag. Her inngår marknadsføring av prosjektforslaget, dialog med finansieringskjelder, samarbeid med reiarar, andre hamner og relevante organisasjonar, skriving av søknader samt oppfølging av relevante aktivitetar som bidrar til å styrkje etableringa.

BOH ønskjer å leggje til rette for at prosjektet i første omgang vert vidareført i minimum eitt år frå sluttrapportering av gjeldande prosjekt (medio april 2015).

Budsjett

| Kostnader | NOK |
|-------------------------|-----------|
| Lønnskostnader | 1 000 000 |
| Andre konsulenttenester | 500 000 |
| Reiser og møter | 50 000 |
| Annet | 50 000 |
| Totalt | 1 600 000 |

| Forslag til finansiering | NOK |
|--------------------------|-----------|
| BOH | 500 000 |
| BK | 500 000 |
| HFK | 500 000 |
| BKK | 100 000 |
| Totalt | 1 600 000 |

Organisering

BOH gjer framlegg om at prosjektet vert vidareført som for inneverande prosjekt. Prosjektleiaren får ansvar for planlegging og koordinering av aktiviteten. Ein kan også nytte underleverandørar. Prosjektpartnerane stiller sine fagfolk til disposisjon for prosjektet. Ein vil også nytte kontaktar frå CNSS sitt nettverk samt viktige samarbeidspartnarar for BOH i arbeidet. Prosjektet vert forankra i organisasjonen til BOH. Dagens styringsgruppe, der BOH, GASNOR, BK og Hfk deltek administrativt, vert ført vidare uendra.

Fylkesrådmannens vurdering

Miljøstatus for Hordaland syner at utslepp frå skipsfart er ei av dei største kjeldene til utslepp av klimagassar i fylket. Skip som ligg til kai er også ei stor kjelde til lokal luftforureining.

Klimaplanens handlingsprogram 2015, vedtatt av Fylkestinget desember 2014, har som tiltak 5.9: «Landstraum, miljøplan og differensierte hamneavgifter i Bergen hamn»

| | |
|---------------------------------|--|
| Skildring | <i>Bergen og Omland Havnevesen (BOH) utvikler ein eigen Miljøplan for systematisk å forbetre utsleppssituasjonen i Bergen hamn. I samarbeid med BKK vert det lagt opp straumforsyning for båt ved kai. Dei har fått tilskott av FUV. Dessutan skal BOH utgreie differensierte hamneavgifter og andre relevante tiltak og ta stilling til anbefalingane frå prosjektet. Landstraumtilkoplinga vart støtta med 1 500 000 kroner frå dispensasjonsmidla 2014, miljøplanen med 350 000 frå Klimaplan 2014.</i> |
| Resultatmål | <i>Operativ straumforsyning, vidare tiltaksanbefalingar og oppfølging gjennom BOH-styret</i> |
| Ønska effekt | <i>Lågare utslepp av klimagassar og lokal miljøforureining</i> |
| Ansvar | <i>BOH</i> |
| Partnerar | <i>BKK</i> |
| Kostnad og finansiering | <i>?</i> |
| Kritiske suksessfaktorar | <i>Dialog med reiarane om bruken, økonomiske insentiv, oppfølging av vidare tiltak</i> |

Innanfor fylkesrådmannens budsjettforslag var det ikkje sett av midlar til tiltaket. Fylkestinget styrkte klimabudsjettet med 1 mill. kroner. Fylkesrådmannen vil difor rå til at Hordaland fylkeskommune seier ja til søknaden. Den er i samsvar med tiltak 5.9., og vil venteleg medverke til kraftige reduksjonar i utslepp av klimagassar og luftforureining.